

Forslag til ny forskrift om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrifta)

Kapittel 1 Innleiande føresegner

§ 1-1 *Verkeområde*

Forskrifta gjeld for opptak til grunnutdanningar ved universitet og høgskular. Med grunnutdanningar meinast høgare utdanningar som bygger på vidaregåande opplæring, og som ikkje bygger på anna høgare utdanning.

[Forskrifta gjeld ikkje ved innpassing etter første studieår i fleirårige profesjonsutdanningar. Institusjonane kan fastsette opptakskrav og rangeringsreglar for slik innpassing].

Kapittel 2 Kvalifisering for opptak til høgare utdanning - Generell studiekompetanse

§ 2-1 *Kvalifisering for opptak til høgare utdanning*

For å vere kvalifisert for opptak til universitet og høgskular skal søkaren ha oppnådd generell studiekompetanse med mindre forskrifta opnar for opptak på anna grunnlag, jf. kapittel 3. Kva som gir generell studiekompetanse følger av §§ 2-2 til 2-5. Søkarane skal berre blir rangert på eitt kvalifiseringsgrunnlag, jf. § 5-3.

§ 2-2 *Opptak på grunnlag av norsk vidaregåande opplæring*

Søkarar som har bestått studieførebuande norsk vidaregåande opplæring eller bestått fag- og yrkesopplæring med påbygging til generell studiekompetanse, får generell studiekompetanse. Sjå også § 7-1.

Søkarar som ikkje har bestått norsk vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, kan få generell studiekompetanse på grunnlag av 23/6-regelen [alternativ: 25/6-regelen]. Vilråra er at søkaren fyller 23 år [alternativ 25 år] eller meir i løpet av opptaksåret og har bestått fellesfaga norsk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnskunnskap og historie frå studieførebuande norsk vidaregåande opplæring.

§ 2-3 *Opptak på grunnlag av utanlandsk vidaregåande opplæring*

Søkarar med 3-årig vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa får generell studiekompetanse når den vidaregåande opplæringa gir eit generelt opptaksgrunnlag til universitet og høgskular i dei respektive landa.

Søkarar som har utanlandsk vidaregåande opplæring frå land utanfor Norden, skal oppfylle utdanningskravet og språkkrava i vedlegg I (GSU-lista), for å oppnå generell studiekompetanse. Sjå også § 3-8.

Søkarar som har utanlandsk vidaregåande opplæring frå land utanfor Norden og som ikkje oppfyller krava i andre ledd, er kvalifisert når dei kan dokumentere å ha bestått fag i samsvar med § 2-2 andre ledd.

§ 2-4 *Opptak på grunnlag av utdanning frå International Baccalaureate (IB)*

Søkarar med Diplom frå IB som enten har teke norsk A på minst lågare nivå («standard level»), eller norsk B på høgare nivå («higher level»), eller fyller kravet til norsk etter denne føresegna på andre måtar, får generell studiekompetanse. Sjå også § 7-1.

Søkarar som ikkje har oppnådd Diplom frå IB, men som har fått IB Diploma Programme Course Result (tidlegare IB-Certificate), får generell studiekompetanse om dei oppfyller norskkravet i første ledd, har meir enn 20 poeng og enten har bestått tre fag på lågare nivå («standard level») og tre fag på høgare nivå («higher level»), eller bestått to fag på lågare nivå («standard level») og fire fag på høgare nivå («higher level»). Slike søkarar kan ikkje ha lågare karakter enn 3 i desse faga. For begge alternativa må faget Theory of Knowledge, Creativity, Action and Service og Extended Essay vere bestått.

§ 2-5 *Opptak på grunnlag av høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning*

Søkarar som ikkje har bestått norsk vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, kan få generell studiekompetanse på grunnlag av bestått 2-årig høgare yrkesfagleg utdanning (120 fagskulepoeng/studiepoeng frå fagskule) som er godkjend etter lov 20. juni 2003 nr. 56 eller lov 8. juni 2018 nr. 28. Det same gjeld søkarar som har fått godkjend tilsvarende fagskuleutdanning frå utlandet.

Søkarar som ikkje har bestått norsk vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, kan få generell studiekompetanse på grunnlag av bestått eitt år høgare utdanning (60 studiepoeng).

Søkarar som har teke utdanninga omtalt i første og andre ledd på eit anna undervisningsspråk enn norsk eller eit anna nordisk språk, må dokumentere kunnskapar i norsk med éi av prøvane omtalt i vedlegg I. Desse søkarane må i tillegg kunne dokumentere kunnskapar i engelsk med éi av prøvane omtalt i dette vedlegget.

Kapittel 3 Unntak frå krav om generell studiekompetanse og opptak på vilkår

§ 3-1 *Generelt om unntak frå kravet om generell studiekompetanse*

Universitet og høgsular som ønsker unntak frå kravet om generell studiekompetanse utover det som følger av §§ 3-4 til 3-7, må søke departementet om det.

§ 3-2 *Opptak på grunnlag av realkompetanse*

Søkarar som er 25 år eller eldre i opptaksåret og som ikkje har oppnådd generell studiekompetanse og ikkje er kvalifisert for opptak etter føresegnene i §§ 3-4 til 3-7, har rett til å få vurdert sin realkompetanse opp mot eit konkret studium. Dersom realkompetansevurderinga viser at søkaren har dei nødvendige faglege føresetnadene for det konkrete studiet, er søkaren kvalifisert for opptak til dette studiet.

Med realkompetanse siktar ein til kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse søkar har tileigna seg uavhengig av læringsarena gjennom formell, ikkje-formell og uformell læring.

§ 3-3 *Opptak på grunnlag av dispensasjon*

Søkarar som ikkje har oppnådd generell studiekompetanse på grunn av funksjonsnedsetting har rett til å få vurdert beståtte fag opp mot eit konkret studium. Dersom dispensasjonsvurderinga viser at søkaren har dei nødvendige faglege føresetnadene for det konkrete studiet, er søkaren kvalifisert for opptak til dette studiet. Det er eit vilkår at søkaren kan dokumentere at det har vore umogleg for dei å oppfylle einskilde av dei krava ein normalt må oppfylle for å få generell studiekompetanse.

§ 3-4 *Opptak på grunnlag av fag- eller sveinebrev (Y-veg)*

Universitet og høgsular kan ta opp søkarar som ikkje har generell studiekompetanse til følgande spesielt tilrettelagde studium dersom søkarane har relevant fag- eller sveinebrev:

- a. Ingeniørstudium
- b. Studium i akvakultur, havbruk og fiskeri
- c. Studium i nautikk
- d. Studium i marinteknisk drift
- e. Studium i serviceleiing og marknadsføring
- f. Studium i paramedisin

§ 3-5 *Opptak på grunnlag av forkurs osv. ved opptak til matteteknologi, tekniske fag og nautikk*

Universitet og høgsular kan ta opp søkarar som ikkje har generell studiekompetanse til matteteknologistudium, masterstudium i teknologiske fag, 3-årig ingeniørutdanning, maritime studium og nautikkstudium dersom søkarane har bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014. For opptak til matteteknologistudium kan også søkarar som har bestått 1-årig tilpassingskurs få opptak utan å ha generell studiekompetanse. Sjå også § 7-1.

§ 3-6 *Opptak til einskilde språkfag for søkarar med samisk, kvensk og finsk tilknytning*

Universitet og høgsular kan ta opp søkarar som ikkje har generell studiekompetanse til samisk semesteremne og samisk nybyrjarkurs, dersom søkarane kan dokumentere samisk tilknytning. Institusjonen fastset nærare reglar for å dokumentere krav om tilknytning.

Universitet og høgsular kan ta opp søkarar som ikkje har generell studiekompetanse til årseining i kvensk eller semesteremne i finsk, dersom søkarane kan dokumentere høvesvis kvensk eller finsk tilknytning. Institusjonen fastset nærare reglar for å dokumentere krav om tilknytning.

§ 3-7 *Opptak til einskilde kunstfag for søkarar som har særskilde faglege føresetnader osv.*

Universitet og høgsular kan gjere unntak frå kravet om generell studiekompetanse for ein søkar som har særskilde faglege føresetnader ved følgande studium:

- a. Studium i utøvande og skapande kunst og musikk
- b. Studium i film og tv, lyddesign og Visual Effects ved Høyskolen Kristiania
- c. Studium ved Den norske filmskolen ved Universitetet i Innlandet

§ 3-8 *Opptak med unntak frå kravet om norskkunnskapar*

Kravet til norskkunnskapar i § 2-3 andre ledd gjeld ikkje søkarar med utanlandsk vidaregåande opplæring ved opptak til studium der norsk ikkje er undervisningsspråk .

Kravet til norskkunnskapar i § 2-3 andre ledd gjeld heller ikkje for dei som skal studere i Noreg gjennom deltaking i internasjonale utvekslingsprogram.

§ 3-9 *Opptak på vilkår på grunn av dokumentert fråvær ved eksamen*

Søkarar som har dokumentert fråvær ved eksamen, jf. opplæringsforskrifta § 9-36, kan få opptak til høgare utdanning på vilkår av at søkaren har karakteren to eller betre i standpunktkarakter og består eksamenen ved første høve etter opptaket. Det er ein føresetnad for opptak at søkarane oppfyller spesielle opptakskrav med sin standpunktkarakter.

Søkarar som får opptak etter første ledd, kan ikkje få reservert studieplassen til seinare opptak.

Studentar med opptak etter første ledd som ikkje fyller opptakskrava til studiet innan den fastsette fristen, mistar studieplassen og studieretten.

Studentar som går opp til eksamen i eit studium dei har fått opptak til etter første ledd, får ikkje utteljing i studiepoeng for denne eksamenen utan at opptakskrava er oppfylte.

Institusjonar som gir opptak etter første ledd, skal så langt det er mogleg og rimeleg legge til rette for at studenten både kan gå opp til eksamen i vidaregåande opplæring, og gjennomføre studiet. Dersom institusjonane ikkje kan legge til rette på denne måten, skal studenten få forlenge studieretten på same vilkår til neste gong det blir arrangert eksamen i det aktuelle faget i vidaregåande opplæring.

§ 3-10 *Opptak på vilkår for utanlandske søkarar utan opphaldsløyve*

Utanlandske søkarar utan opphaldsløyve som har fått plass på årskurs i norsk, og som kan dokumentere at dei fyller dei andre krava for opptak til påfølgande, ordinære studium, kan få tilbod om studieplass på påfølgande studium på same institusjon på vilkår av at søkaren fullfører og består årskurs i norsk.

Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

§ 4-1 *Spesielle opptakskrav*

Universitet og høgskular som vil ha spesielle opptakskrav utover det som er fastsett i dette kapitlet, må søke departementet om det.

Spesielle opptakskrav gjeld i tillegg til kravet om generell studiekompetanse. Fagkrava refererer til norsk vidaregåande opplæring, studieførebuande utdanningsprogram.

Opptaksorganet har plikt til å vurdere om anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar enn det som er nemnt i andre ledd, kan godkjennast som likeverdig.

Institusjonar som har ledige plassar på studium der det etter §§ 4-2 til 4-5 og §§ 4-8 til 4-10 gjeld opptakskrav om bestemte fag eller karakter i fag i vidaregåande opplæring, kan ved lokalt opptak velje å la søkarar som ikkje oppfyller krava, kvalifisere til opptak gjennom å bestå ei opptaksprøve.

§ 4-2 *Spesielle opptakskrav til einssilde helse- og veterinærfag*

Profesjonsstudium og masterstudium i medisin, odontologi, ernæring og farmasi og bachelorstudium i ernæring har krav om matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, fysikk 1 og kjemi 1 + 2.

Bioingeniørutdanning har krav om matematikk R1 eller matematikk S1 + S2 og enten fysikk 1 eller biologi 1 eller kjemi 1.

Ortopediingeniørutdanning har krav om matematikk R1 + R2 og fysikk 1.

Bachelorutdanning i farmasi har krav om matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, kjemi 1 og enten fysikk 1, biologi 1 eller kjemi 2.

Profesjonsstudium i veterinærmedisin har krav om matematikk R1 eller matematikk S1 + S2 og kjemi 1 + 2.

3-årig bachelorstudium i paramedisin har krav om at søkarar må dokumentere gyldig førarkort klasse B (personbil) og ha bestått fysisk opptaksprøve etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

§ 4-3 *Spesielle opptakskrav til informatikk, realfag og natur- og miljøfag*

Bachelorstudium i informatikk: robotikk og intelligente system ved Universitetet i Oslo har krav om matematikk R1 + R2 og i tillegg enten fysikk 1 + 2, kjemi 1 + 2, biologi 1 + 2,

informasjonsteknologi 1 + 2, geofag 1 + 2 eller teknologi og forskingslære 1 + 2. Andre informatikkstudium har krav om matematikk R1 eller matematikk S1 + S2.

Studium i realfag, natur- og miljøfag har krav om matematikk R1 eller matematikk S1 + S2 og enten matematikk R2, fysikk 1 + 2, kjemi 1 + 2, biologi 1 + 2, informasjonsteknologi 1 + 2, geofag 1 + 2 eller teknologi og forskingslære 1 + 2. Institusjonane kan sjølv fastsette krav om matematikk R1 + R2 i tillegg til eitt av dei andre realfaga som nemnt i første punktum.

Bachelorstudium i matematikk: finans, forsikring og økonomi ved Universitetet i Oslo har krav om matematikk R1 + R2 og i tillegg enten fysikk 1 + 2, kjemi 1 + 2, biologi 1 + 2, informasjonsteknologi 1 + 2, geofag 1 + 2, teknologi og forskingslære 1 + 2 eller samfunnsøkonomi 1 + 2.

§ 4-4 *Spesielle opptakskrav til arkitekturfag og teknologiske fag*

Masterstudium i arkitektur ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har krav om matematikk (R1 + R2) og fysikk 1. Søkarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet 1998–1999 og tidlegare studieordningar fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her.

Masterstudium i arkitektur ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo og Bergen arkitekthøgskole har krav om at søkaren må bestå opptaksprøve etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

Masterstudium i teknologiske fag, med unntak av ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, og 3-årig ingeniørutdanning har krav om matematikk (R1 + R2) og fysikk 1. Søkarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 og tidlegare studieordningar fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her. Det same gjeld søkarar med bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014 og søkarar med bestått 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritime studium. For søkarar som blir tekne opp til treterminordning på 3-årig ingeniørutdanning, gjeld ikkje det spesielle opptakskravet i matematikk og fysikk som er fastsett her.

Masterstudium i teknologiske fag ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet har krav om matematikk R1 + R2 og fysikk 1. Søkarar må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 4 i matematikk R2. Søkarar med nyare godkjend 2-årig fagskuleutdanning i tekniske fag må dokumentere tilsvarende kunnskapar i matematikk og fysikk. Søkarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 og tidlegare studieordningar må dokumentere kunnskapar tilsvarende matematikk R2 med eit gjennomsnitt på minimum karakteren 4. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014 og søkarar med 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritime studium fyller fagkrava for opptak utan omsyn til dei spesielle fagkrava i matematikk og fysikk som er fastsette her. Søkarar må ha karakteren C eller betre i matematikk frå forkurs.

Tradisjonelt bygghandverkstudium har krav om relevant fag- eller sveinebrev.

Landskapsarkitekturstudium ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo har krav om at søkarar må bestå opptaksprøve etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

§ 4-5 *Spesielle opptakskrav til einskilde økonomiske og administrative fag*

For opptak til følgande studium er det krav om matematikk R1 eller matematikk S1 + S2:

- a. masterstudium i økonomisk-administrative fag

- b. masterstudium i økonomi og leing
- c. masterstudium i samfunnsøkonomi
- d. bachelor of Data Science for Business ved Handelshøyskolen BI
- e. bachelorstudium i økonomi, leing og IT ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet.

For opptak til bachelorstudium i samfunnsøkonomi kan institusjonane sjølv fastsetje krav om at søkarar må dokumentere minimum karakteren 4 i fellesfaget matematikk. Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

§ 4-6 *Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar*

Grunnskulelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning har krav om at søkarar må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3 i fellesfaget norsk og 4 i fellesfaget matematikk eller minimum 40 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3 i fellesfaget norsk og 3 i fellesfaget matematikk. Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande. Søkarar kan i tillegg måtte gjennomføre ei opptaksprøve i form av eit intervju etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

For søkarar som har hatt samisk som førstespråk eller andrespråk og søkarar som har hatt norsk teiknspråk, kvensk eller finsk som andrespråk, gjeld karakterkravet i norsk i første ledd gjennomsnittet av karakterane i første- og andrespråket.

Samisk grunnskulelærar- og barnehagelærarutdanning har krav om at søkarar må dokumentere kunnskapar i samisk språk etter nærare reglar fastsette av institusjonen. For grunnskulelærarutdanning gjeld kravet i tillegg til kravet i første ledd.

Grunnskulelærarutdanning med musikk kan i tillegg til krava i første ledd ha krav om at søkarane kan dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

Grunnskulelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning med realfag, miljø- og naturfag har i staden for krava i første ledd krav om at søkarar må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3 i fellesfaget norsk og i tillegg kravet som er fastsett for realfag, miljø- og naturfag i § 4-3 tredje eller fjerde ledd.

Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 (5-årig) har krav om at søkarar må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3 i fellesfaget norsk og 3 i fellesfaget matematikk. Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1 – 13, med musikk, dans og/eller drama kan i tillegg ha krav om at søkarar må i tillegg dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

Grunnutdanning i musikk, dans og drama som er pedagogisk retta kan ha krav om at søkarar må dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

Yrkesfaglærarutdanning har krav om fag- eller sveinebrev eller anna bestått 3-årig yrkesutdanning i skule frå vidaregåande opplæring og 2 års relevant arbeidserfaring etter avslutta utdanning. I dei tilfella der ein må ha autorisasjon for å praktisere i yrket, må ein også ha autorisasjon for å kome inn på yrkesfaglærarutdanninga.

3-årig lærarutdanning for tospråklege lærarar har krav om at søkarar må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3 i fellesfaget norsk og tospråkleg kompetanse etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

§ 4-7 *Dispensasjonsordning for nivåkrav til lærarutdanningar*

Departementet kan etter søknad frå ein institusjon innvilge unntak frå nivåkrava i § 4-7 første til femte ledd og åttande ledd dersom institusjonen har tiltak som varetek dei same omsyna som nivåkrava er meint å vareta.

For følgande utdanningar har departementet gitt dispensasjon frå krava til karakter i norsk og matematikk og krava til skulepoeng i § 4-7:

- a. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10 ved Høgskolen i Østfold
- b. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10 ved Høgskulen i Volda
- c. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10 og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13 ved Høgskulen på Vestlandet
- d. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10 ved NLA Høgskolen
- e. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10, samisk grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7, lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13, lektorutdanning og grunnskulelærarutdanning for trinn 1–10 ved Nord universitet
- f. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10, grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7 med steinerpedagogikk og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 ved OsloMet–storbyuniversitetet
- g. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10, lektorutdanning ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- h. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10, lektorutdanning og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 ved Universitetet i Innlandet
- i. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10 og lektorutdanning ved Universitetet i Stavanger
- j. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7, grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10 og lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 ved Universitetet i Sørøst-Noreg

For følgande utdanningar har departementet gitt dispensasjon frå krava til karakter i matematikk i § 4-7:

- a. Lektorutdanning ved MF – vitenskapelig høyskole
- b. Grunnskulelærarutdanning for trinn 1-7, grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10, lektorutdanning med engelsk i første studieår, lektorutdanning med framandspråk i første studieår, lektorutdanning med historie første studieår, lektorutdanning med idrett i første studieår, lektorutdanning med norsk i første studieår, lektorutdanning med religion i første studieår og lektorutdanning med samfunnskunnskap i første studieår ved Universitetet i Agder.

For grunnskulelærarutdanning for trinn 1–7 og grunnskulelærarutdanning for trinn 5–10 ved Samisk høgskole har departementet gitt dispensasjon frå krava til karakter i matematikk og krava til skulepoeng i § 4-7.

§ 4-8 *Spesielle opptakskrav til engelskspråklege studium*

For bachelorstudium og masterstudium som i sin heilskap har engelsk som undervisningsspråk, kan institusjonane sjølv fastsetje krav om at søkarar må dokumentere minimum karakteren 4 i fellesfaget engelsk. Kravet gjeld ikkje for søkarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.

§ 4-9 *Spesielle opptakskrav til einskilde kunstfag*

Ved opptak til følgende studium må søkarar bestå opptaksprøve etter nærare reglar fastsette av institusjonen:

- a. Studium i utøvande og skapande musikk
- b. Studium i scenekunst
- c. Forfattarstudium
- d. Studium i dansevitskap
- e. Studium i utøvande og skapande kunst ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet og Høgskolen Kristiania
- f. Studium ved fakultet for kunst, musikk og design ved Universitetet i Bergen
- g. Studium ved Kunsthøgskolen i Oslo
- h. Studium i musikkvitskap og musikkteknologi ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og musikkvitskap ved Universitetet i Oslo
- i. Bachelorstudium i dansekunst ved Høgskolen for dansekunst
- j. Bachelorstudium i manus ved NSKI Høgskole
- k. Studium i film- og audiovisuelle kunstformer ved Universitetet i Innlandet
- l. Årsstudium i instrumentmaking ved Universitetet i Sørøst-Noreg
- m. Bachelorstudium i teater og drama ved Høgskulen i Volda.

§ 4-10 *Spesielle opptakskrav til diverse fag*

Spesialtilpassa studium for døve ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet har krav om at søkarar må dokumentere ferdigheiter i norsk teiknspråk etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

Studium ved Samisk høgskole og studium i samiske språk ved andre institusjonar har krav om at søkarar må dokumentere kunnskapar i samisk språk etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

Høgskulekandidatstudium som trafikklærer har krav om at søkarar oppfyller krava til førarkort som gjeld for godkjenning som trafikklærer.

Høgskulekandidatstudium som trafikklærer for tunge klassar ved Nord universitet har krav om at søkarar oppfyller krava til førarkort for klassane BECEDE per 1. mars i opptaksåret, og dokumenterer tre års arbeidserfaring på heiltid per 1. mars i opptaksåret med køyretøy som har tillaten totalvekt over 16 tonn.

Årsstudium i paramedicutdanning (årsstudium) har krav om fagbrev som ambulansarbeidar og to års arbeidserfaring frå ambulansyrket etter oppnådd fagbrev. Fagbrev om ambulansarbeidar kan bli erstatta med relevant høgare utdanning.

Studium i luftfartsfag har krav om at søkarar må dokumentere matematikk R1 eller matematikk (S1 + S2) og fysikk 1, og ha bestått opptaksprøve etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

3-årig bachelorstudium i journalistikk ved OsloMet – storbyuniversitetet har krav om at søkarar må dokumentere minimum karakteren 4 i fellesfaget norsk.

1-årig studium i Arktisk naturguide ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet har krav om at søkarar må ha gyldig førarkort klasse S eller klasse B og dokumentere relevant arbeidserfaring etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

Bachelorstudium i dokumentar- og TV-produksjon, bachelorstudium i dokumentar- og TV-regi, bachelorstudium i prosjekt- og produksjonsleiing for dokumentar og TV og bachelorstudium i animasjon og digital kunst ved Universitetet i Innlandet har krav om at søkarar må dokumentere

kunnskapar i form av innsendt arbeid og bestå opptaksprøve etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

Bachelorstudium i CG Art and animation, bachelorstudium i film and TV Production og bachelorstudium i spel- og opplevingsteknologi ved Nord universitet har krav om at søkarar må dokumentere spesielle ferdigheiter, fastsette av institusjonen, i form av innsendt arbeid.

Søkarar til følgande studium og institusjonar må bestå opptaksprøve etter nærare reglar fastsette ved institusjonen:

- a. Fotojournaliststudium, produktdesignstudium, bachelorstudium i tolking i offentlig sektor og bachelorstudium i norsk teiknspråk ved OsloMet – storbyuniversitetet
- b. Animasjonstudium ved Høgskulen i Volda
- c. Industridesignstudium ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
- d. Studium ved Steinerhøgskolen
- e. Bachelorstudium i Art Direction, bachelorstudium i interiørarkitektur, bachelorstudium i Grafisk design, bachelorstudium i eksponeringsdesign, bachelorstudium i tekst og skribent, bachelorstudium i film og TV, bachelorstudium i lys for scene, bachelorstudium i manus, bachelorstudium i lyddesign, bachelorstudium i spilldesign, bachelorstudium i visual effects og bachelorstudium i interiørarkitektur ved Høgskolen Kristiania.

Kapittel 5. Rangering av søkarar ved opptak

§ 5-1 Om rangering, kvotar og karakterar

Opptak til studium skjer på grunnlag av rangering innanfor kvotar. Ein kvote er eit bestemt tal eller ein bestemt del av studieplassane som skal fordelast mellom søkarar som tilfredsstillar nærare bestemte krav. Alle kvalifiserte søkarar som innan fastsette fristar for opptaket dokumenterer at dei oppfyller kriteria for ein kvote, konkurrerer om studieplass i kvoten.

Rangering i førstegongsvitnemålskvoten skjer på grunnlag av karakterpoeng og eventuelle poeng etter § 5-6. Rangering i generell kvote skjer på grunnlag av karakterpoeng og eventuelle poeng etter § 5-6 og § 5-7. Ved berekning av karakterpoeng i generell kvote skal karakterforbetringar erstatte tidlegare karakter(ar) i same faget. Karakterpoeng er gjennomsnitt av talkarakterar, med to desimalar, multiplisert med ti.

Søkarar med høg poengsum skal rangerast framfor søkarar med låg poengsum. Søkarar med lik poengsum i ein kvote skal rangerast etter alder slik at eldre søkarar går føre yngre søkarar.

Søkarar som ikkje kan poengberekna, skal rangerast i høve til poengberekna søkarar ved hjelp av ei individuell skjønsmessig vurdering.

Ved opptak til spesielt tilrettelagde studium på grunnlag av fag- eller sveinebrev (Y-veg), jf. § 3-4, avgjer institusjonen korleis poenga skal bereknast. Søkarar med karakteren mykje godt på fag- eller sveineprøven skal rangerast framfor søkarar med karakteren godt når søkarane elles har den same poengsummen.

§ 5-2 Tidleg opptak

Når alle kvalifiserte søkarar som har søkt innan ordinær søknadsfrist har fått tilbod om plass på eit studium, kan institusjonane lyse ut studiet på nytt med ledige studieplassar. Kvalifiserte søkarar kan få tilbod om opptak til ledige studieplassar utan omsyn til reglane om rangering i dette kapitlet.

§ 5-3 Opptak til ledige plassar

Institusjonar kan gi tidleg tilsegn om opptak til søkarar som har dokumentert behov for dette, og er kvalifisert for studia dei har søkt på. Institusjonane fastset poenggrense for tidleg tilsegn om opptak og avgjer kva for studium det er mogleg å søke om tidleg opptak til.

§ 5-4 *Rangering ved fleire kvalifiseringsgrunnlag*

Søkarar som har fleire kvalifiseringsgrunnlag, kan berre rangerast på eitt av følgande kvalifiseringsgrunnlag etter prioritert rekkefølge:

- a. norsk vidaregåande opplæring, jf. § 2-2 første ledd
- b. utanlandsk vidaregåande opplæring, jf. § 2-3 og § 2-4
- c. 23/5-regelen / 25/6-regelen, jf. § 2-2 andre ledd
- d. høgare utdanning, jf. § 2-5 andre ledd
- e. høgare yrkesfagleg utdanning, jf. § 2-5 første ledd.

§ 5-5 *Kvotefor førstegongsvitnemål og generell kvote*

Kvotefor førstegongsvitnemål omfattar søkarar som ikkje fyller meir enn 23 år i opptaksåret, og som har fått utferda førstegongsvitnemål etter opplæringsforskrifta § 9-47. Fram til 1. januar 2027 omfattar kvoten også søkarar som nemnt i forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning § 7-2 første ledd andre punktum.

70 prosent av studieplassane skal tilbydast søkarar i kvoten for førstegongsvitnemål.

Søkarar som fyller kriteria for opptak i kvoten for førstegongsvitnemål, men som ikkje får tilbod om studieplass, konkurrerer vidare i generell kvote.

Universitet og høgsular som vil ha unntak frå kravet om førstegongsvitnemålskvote, må søke departementet om det. Det er ikkje førstegongsvitnemålskvote ved yrkesfaglæruddanning, trafikklæruddanning, studium ved Steinerhøyskolen, tradisjonelt bygghandverk. Det same gjeld også desentraliserte studium og deltidsstudium som har eitt års arbeidserfaring som spesielt opptakskrav.

§ 5-6 *Omrekning frå utanlandske til norske karakterar*

Søkarar med utanlandsk vidaregåande opplæring skal rangerast på grunnlag av § 5-1. Karakterpoenga skal bereknast slik som fastsett i vedlegg II. Dersom det er fastsett lineær omrekning og dette blir urimeleg, skal rangering skje etter § 5-1 fjerde ledd.

For søkarar med utanlandsk vidaregåande opplæring som kvalifiserer for opptak etter § 2-3 tredje ledd skal tilleggspoeng for fag som nemnd i § 5-6 som er avlagt i norsk vidaregåande opplæring, reknast inn i karakterpoengsummen etter ei gjennomsnittsutrekning som om søkaren hadde 25 karakterar frå det utanlandske vitnemålet.

§ 5-7 *Tilleggspoeng for realfag og samisk frå vidaregåande opplæring*

Søkarar får inntil to tilleggspoeng for programfag frå programområde for realfag og eitt tilleggspoeng for samisk som førstespråk frå vidaregåande opplæring. Faga må vere bestått. Søkarar skal ikkje få utteljing for fag som overlappar kvarandre. Alle programfag frå programområde for realfag med eit omfang på 140 timar gir 0,25 tilleggspoeng, med unntak av faga matematikk R2 og fysikk 2, som gir 0,5 tilleggspoeng.

Søkarar med vitnemål frå tidlegare norsk vidaregåande opplæring eller vidaregåande opplæring frå utlandet, kan få tilleggspoeng etter første ledd dersom søkarane har fagkombinasjonar som må reknast som likeverdige.

§ 5-8 *Tilleggspoeng for militær førstegongsteneste eller sivilteneste*

Søkarar får eitt poeng for fullført militær førstegangsteneste eller sivilteneste.

§ 5-9 *Spesielle kvotar*

Når særskilde omstende gjer det ønskeleg, kan departementet fastsette spesielle kvotar for einskilde studium. Universitet og høgskular som ønsker å bruke spesielle kvotar, må søke departementet om det. Dei spesielle kvotane følger av vedlegg III.

Studieplassane i ein spesiell kvote skal fordelast slik at 70 prosent av plassane blir sette av til søkarar i førstegangsvitnemålskvoten og 30 prosent til søkarar i generell kvote. Søkarar som fyller kriteria for opptak i ein spesiell kvote, men ikkje får tilbod om studieplass, konkurrerer vidare utanfor den spesielle kvoten, jf. § 5-4. Sjå likevel § 5-9.

§ 5-10 *Kvotar for søkarar med samisk språkkompetanse*

Når særskilde omstende gjer det ønskeleg, kan departementet fastsette kvotar på einskilde studium for søkarar med samisk språkkompetanse for å sikre eit visst antal studentar som er funksjonelt samiskspråklege på studiet og i yrket studiet fører til.

Kvotar for søkarar med samisk språkkompetanse skal fyllast sist.

Følgande studium har kvotar for søkarar med samisk språkkompetanse:

- a. bachelorstudium i dokumentar- og TV-produksjon ved Universitetet i Innlandet
- b. veterinærstudium ved Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet
- c. studium i akvakultur, fiskerifag og fiskehelse, ergoterapi, ernæring, farmasi, vernepleie, odontologi og paramedisin, helsefaglege profesjonsstudium i sjukepleie, fysioterapi, tannpleie, bioingeniør og radiografi, profesjonsstudium i medisin og psykologi og masterstudium i rettsvitenskap og teknologiske fag ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.

For å kunne bli teken opp i kvoten for søkarar med samisk språkkompetanse, må eitt av følgande kriterium vere oppfylte:

- d. søkar må ha hatt samisk som førstespråk i grunnskule eller vidaregåande opplæring
- e. søkar må ha hatt samisk som andrespråk nivå 2 i grunnskule eller vidaregåande opplæring
- f. søkar må ha bestått 60 studiepoeng i samisk som morsmål frå universitet eller høgskule.

§ 5-11 *Kvotar for søkarar med regional tilknytning*

Når særskilde omstende gjer det ønskeleg, og det er i tråd med EØS-avtalen, kan departementet fastsette kvotar på einskilde studium for søkarar med ei nærare bestemd regional tilknytning for å sikre eit visst antal studentar med denne tilknyttinga er representert på studiet og i yrket studiet fører til.

Følgande studium ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet har kvote for søkarar med nordnorsk tilknytning: studium i ergoterapi, ernæring, farmasi, vernepleie, odontologi og paramedisin, helsefaglege profesjonsstudium i sjukepleie, fysioterapi, tannpleie, bioingeniør og radiografi, profesjonsstudium i medisin og psykologi og masterstudium i rettsvitenskap og teknologiske fag.

For å kunne bli teken opp i regional kvote, må søkaren dokumentere regional tilknytning med ein bustadsattest, og eventuelt adressehistorikk i tillegg, frå Skatteetaten. Den skal vise at søkaren har budd i den aktuelle regionen dei siste ti åra, og framleis er busett der. Dersom søkaren ikkje har budd i regionen dei 10 siste årene, kan søkaren likevel konkurrere i kvoten dersom søkaren kan dokumentere minst to av følgande punkter:

- a. vitnemål frå vidaregåande opplæring eller fag- eller sveinebrev i regionen
- b. vitnemål frå grunnskuleopplæring i regionen
- c. budd i regionen minst 10 år totalt.

§ 5-12 Kvotar for sikre eit visst antal studentar av begge kjønn (kjønnsnøytrale kvotar)

Når særskilde omstende gjer det ønskeleg, og vilkåra i likestillings- og diskrimineringsloven om positiv særbehandling er oppfylt, kan departementet fastsetje kjønnsnøytrale kvotar på einskilte studium for å jamne ut skilnader, oppnå meir likestilling mellom kjønna og sikre at eit visst antal studentar av begge kjønn er representert på studiet og i yrket studiet fører til.

§ 5-13 Andre spesielle kvotar

Det er fastsett følgande spesielle kvotar for følgande studium:

- a. kvote for søkarar med et halvt års relevant arbeidserfaring ved opptak til journaliststudium
- b. kvote for søkarar med godkjent eittårig forkurs med full fagkrets ved opptak til ingeniørutdanning (bachelor). Søkarane blir poengberekna på grunnlag av karakterpoengsum frå forkurset
- c. kvote for søkarar som er innstilte av Norges Idrettsforbund ved opptak til bachelorstudium i sports management, bachelorstudium i trening, helse og presentasjon og bachelorstudium i treningsrollen og idrettspsykologi ved Noregs idrettshøgskole
- d. kvote for søkarar med minoritetsbakgrunn ved opptak til journaliststudiet ved OsloMet – storbyuniversitetet
- e. kvote for søkarar med interkulturell/internasjonale erfaring ved opptak til sosionomutdanninga ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
- f. kvote for søkarar med minst eitt års relevant arbeidserfaring ved opptak til hotelleiingstudiet ved Universitetet i Stavanger
- g. kvotar for søkarar med bustadadresse i kjernekommunar og regionkommunar ved opptak til fleksible, desentraliserte bachelorstudium i sjukepleie ved Universitetet i Sørøst-Noreg

For å kunne bli tekne opp i kvoten må søkarar dokumentere tilhøyrse i gruppa i samsvar med reglar fastsette av institusjonen.

§ 5-14 Rangering på grunnlag av opptaksprøve

Universitet og høgskular som ønsker å bruke opptaksprøve som grunnlag for rangering utover det som følger av andre og tredje ledd, må søke departementet om det.

Institusjonar kan, utan å søke departementet, bruke opptaksprøvar som grunnlag for rangering på følgande måtar:

- a. Inntil 20 prosent av studieplassane kan fordelast blant kvalifiserte søkarar basert på rangering frå opptaksprøve. Resten av studieplassane skal fordelast på grunnlag av § 5-1
- b. Opptaksprøve kan brukast som einaste grunnlag for rangering av kvalifiserte søkarar med meir enn 55 skulepoeng.
- c. Opptaksprøve kan brukast som grunnlag for rangering av kvalifiserte søkarar i kombinasjon med rangering på grunnlag av poeng etter reglar fastsette av institusjonen, så framti poenga veg tyngst.

Opptaksprøvar skal brukast som einaste rangeringsgrunnlag, etter reglar fastsette av institusjonen, på følgande studium:

- a. studium i utøvande og skapande musikk
- b. studium i scenekunst

- c. forfatterstudium
- d. Studium ved Kunsthøgskolen i Oslo
- e. produktdesignstudium og bachelorstudium i tolking i offentlig sektor ved OsloMet – storbyuniversitetet
- f. studium i samtidskunst ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet
- g. bachelorstudium innan film og TV ved Universitetet i Innlandet
- h. masterstudium i arkitektur ved Bergen Arkitekthøgskole
- i. studium i utøvande og skapande kunst ved Universitetet i Bergen og Noregs teknisk- naturvitskapelege universitet
- j. bachelorstudium i film og TV, visuell kunst, bachelorstudium i manus, bachelorstudium i låtskriving og produksjon, bachelorstudium i lyddesign og studium i dans ved Høyskolen Kristiania.

Institusjonane som har rangerande opptaksprøvar skal i utforming og gjennomføring av slike opptaksprøvar ta omsyn til at studiet reelt sett skal vere ope for søkarar frå heile landet.

Kapittel 6. Det samordna opptaket

§ 6-1 *Ansvar for det samordna opptaket*

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse er ansvarleg for å samordne opptaket til grunnutdanningar ved universitet og høgskular i Noreg.

§ 6-2 *Behandling av personopplysningar i opptaket*

Institusjonane og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse kan innhente opplysningar om namn, fødselsnummer eller d-nummer, arbeidserfaring og vitnemål og annan dokumentasjon på oppnådd kompetanse frå andre offentlege myndigheiter, offentlege system for vitnemål, statlege, fylkeskommunale og private utdanningsinstitusjonar, når formålet er å behandle søknad om opptak til utdanning ved universitet og høgskular som deltek i det samordna opptaket etter universitets- og høyskoleloven § 8-5.

Institusjonane og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse kan ta avgjerder etter heilt eller delvis automatisert saksbehandling. Søkaren kan krevje at vedtaket skal overprøvast manuelt.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse er behandlingsansvarleg for den nasjonale opptakstenesta.

§ 6-3 *Klage på vedtak om opptak*

Klagar over enkeltvedtak på grunnlag av reglane i forskrifta skal behandlast av den nasjonale klagenemnda for opptak, jf. 6-4.

Den nasjonale klagenemnda skal ikkje behandle klager på vedtak om opptak på grunnlag §§ 3-2 og 3-3 og klage på vurdering av spesielle opptakskrav som omfattar særskilde faglege føresetnader eller opptaksprøvar etter nærare reglar fastsette av institusjonen. Klagar på slike vedtak skal behandlast ved kvar institusjon, jf. universitets- og høyskoleloven § 14-1 andre ledd.

§ 6-4 *Korleis den nasjonale klagenemnda skal nemnast opp og vere samansett*

Departementet nemner opp klagenemnd for opptak til høgare utdanning.

Klagenemnda skal ha sju medlemmer og vere slik samansett:

- a. ein leiar og ein nestleiar som skal oppfylle dei krava lova stiller til lagdommarar
- b. tre medlemmer – den eine skal nemnast opp til nestleiar, jf. kravet ovanfor – og varamedlemmene deira frå dei institusjonane forskrifta gjeld for
- c. éin medlem med personleg varamedlem frå forvaltingsområdet for vidaregåande opplæring

d. to medlemmer og varamedlemmene deira som representative studentorganisasjonar foreslår.

Studentrepresentantane skal normalt nemnast opp for to år.

Sekretariatet for klagenemnda skal ligge hos Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

§ 6-5 Avgjerd i den nasjonale klagenemnda

Klagenemnda er vedtaksfør når leiaren eller nestleiaren og minst fire andre medlemmer, av desse éin studentrepresentant, er til stades.

Det kan ikkje klagast på vedtak i klagenemnda.

Kapittel 7. Overgangsreglar og iverksetting

§ 7-1 Overgangsreglar om kvalifisering for opptak

Vidaregåande opplæring og anna opplæring som tidlegare har gitt generell studiekompetanse, blir likestilt med generell studiekompetanse etter forskrifta.

Søkarar med Diplom frå IB frå før 2021 som har teke norsk A eller norsk B på minst lågare nivå («standard level»), eller fyller kravet til norsk etter § 2-2 andre ledd, har generell studiekompetanse.

Søkarar til arkitektstudium ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet som har bestått 2-årig fagskuleutdanning etter studieordningar før rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 har unntak frå kravet om generell studiekompetanse.

Søkarar som dokumenterer fastsette spesielle opptakskrav med studieretningsfag frå vidaregåande opplæring før 2006, oppfyller kravet når dei kan dokumentere det fastsette kravet på VKII-nivå eller tilsvarende («høgaste nivå»). Søkarane blir samstundes rekna for å ha oppfylt lågare nivå i faget.

[Fram til 1. januar 2027 er aldersgrensa 23 år for å kvalifisere for opptak etter § 2-2 andre ledd.]

§ 7-2 Overgangsreglar om rangering

Fram til 1. januar 2027 gjeld ikkje regelen i § 5-3 om rangering ved fleire kvalifiseringsgrunnlag.

Fram til 1. januar 2027 omfattar kvoten for førstegongsvitnemål i § 5-5 også søkarar som nemnte i forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning § 7-2 første ledd andre punktum.

Fram til 1. januar 2028 får søkarar tilleggs poeng etter forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning § 7-8.

Fram til 1. januar 2027 får søkarar tilleggs poeng etter forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning §§ 7-9 til 7-11.

Fram til 1. januar 2029 gjeld kvotar for søkarar med samisk språkkompetanse etter § 5-9 for søkarar som enten har samisk som første- eller andrespråk i vidaregåande opplæring, vitnemål frå grunnskule som viser samisk som første- eller andrespråk eller bestått 60 studiepoeng eller semesteremne i samisk som morsmål frå universitet eller høgskule.

§ 7-3 Iverksetting og oppheving

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2026. Frå same dato blir forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning oppheva.

Vedlegg I. Generell studiekompetanse for søkarar med utanlandsk utdanning – GSU-lista

Krav til generell studiekompetanse for søkarar med utanlandsk utdanning er sett saman av eit utdanningskrav og to språkkrav: norsk og engelsk.

På nettsida til Samordna opptak finst ei [søkbar versjon av GSU-lista](#).

Utdanningskravet

Utdanningskravet er vitnemål frå vidaregåande skule, og for fleire land er det krav om høgare utdanning i tillegg. Alle med utanlandsk utdanning må også dekke språkkrava i norsk og engelsk med ein eksamen/prøve, sjå ovanfor. Utdanning frå einskilde land dekker språkkrava med vitnemål frå vidaregåande skule. Nokre fag/eksamenar frå vidaregåande skule kan dekke krava i norsk eller engelsk. Desse landa er oppført med «dekt» for det aktuelle språkkravet. Utdanning frå land som ikkje dekker språkkrav med vitnemål frå vidaregåande skule er oppført med «ikkje dekt» i lista.

[GSU-lista er den same som i gjeldande forskrift: https://lovdata.no/forskrift/2017-01-06-13/KAPITTEL_12.]

Språkkrava

Kunnskapar i norsk og engelsk kan dokumenterast med éi av desse prøvane:

Norsk:

1. Bestått fellesfaget norsk frå vidaregåande opplæring.
2. Bestått eksamen frå trinn 3 i norsk for utanlandske studentar ved universiteta.
3. Bestått årskurs i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar.
4. Skriftleg og munnleg test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), begge vurdert til «bestått» eller betre resultat.
5. Avsluttande prøve i norsk (norskprøven) med ferdigheiter på minimum nivå B2 i alle delprøvar, jf. integreringslova § 37.
6. Frå og med opptak til studieåret 2023–2024 kan kunnskapar i norsk også dokumenterast med ein av følgande kombinasjonar av prøvedelar:
 - a. Bestått eller betre resultat i munnleg test frå test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), saman med avsluttande prøvar i leseforståing, lytteforståing og skriftleg framstilling frå norskprøven (jf. pkt. 5 ovanfor) med minimum nivå B2 som resultat i alle tre delprøvar.
 - b. Bestått eller betre resultat i skriftleg test frå test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), saman med delprøve i munnleg kommunikasjon frå norskprøven (jf. pkt. 5 ovanfor) med minimum B2 som resultat.

Engelsk:

1. Bestått fellesfaget engelsk frå norsk vidaregåande opplæring.

2. Test of English as a Foreign Language (TOEFL) med
 - a. Minst 60 poeng på TOEFL iBT, eller
 - b. Minst 60 poeng på TOEFL iBT Home Edition, eller
 - c. Minst 500 poeng på papirbasert test.
3. International English Language Testing Service (IELTS) Academic test eller Online academic test med overall Band Score på minst 5 eller betre.
4. Cambridge ESOL Examinations med
 - a. First certificate in English, eller
 - b. Certificate in Advanced English, eller
 - c. Certificate of Proficiency in English.
5. Pearson PTE Academic eller Academic online med overall score på minst 51.
6. The European language certificate (telc) med
 - a. English B2, eller
 - b. English B2-C1 University, eller
 - c. English certificate på C1-nivå.
7. University of Michigan, Michigan Language Assessment med
 - a. Certificate of Proficiency (ECPE), eller
 - b. Certificate of Competency in English (ECCE).
8. Bestått eitt år i vidaregåande skule eller høgare utdanning frå Australia, Canada, Irland, New Zealand, Storbritannia eller USA, der undervisningsspråket har vore engelsk.
9. Bestått 60 studiepoeng i engelsk språk og litteratur frå universitet eller høgskule.
10. Bestått engelskspråkleg mastergrad.

Vedlegg II: Liste over tabellar for omrekning av karakterar frå utanlandsk vidaregåande utdanning

<i>IB, diplom</i>	Poengsumskala: 0–45 der 24 er lågaste godkjende poengsum for å få diplom	Type tabell: offisiell karakterstatistikk (sjå vedlegg)
-------------------	--	---

Elles same som i gjeldande forskrift: [Liste over tabellar for omrekning av karakterar frå utanlandsk vidaregåande opplæring](#)

Vedlegg III: Oversikt over spesielle kvotar

Kvotefor søkarar med samisk språkkompetanse:

Følgande studium har kvotar for søkarar med samisk språkkompetanse:

1. Ved Universitetet i Innlandet er to studieplassar reservert ved bachelorstudium i dokumentar- og TV-produksjon, éin i kvote for førstegongsvitnemål og éin i generell kvote
2. Ved Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet er éin studieplass reservert på veterinærstudiet i kvoten for førstegongsvitnemål
3. Ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet har desse studia kvote for samiske søkarar:
 - a. éin studieplass er reservert på studium i akvakultur, fiskerifag og fiskehelse
 - b. inntil to studieplassar er reservert på farmasistudiet

- c. 10 prosent av studieplassane innan kvoten for nordnorske søkarar på ergoterapistudiet
- d. 10 prosent av studieplassane innan kvoten for nordnorske søkarar på helsefaglege profesjonsstudium i sjukepleie, fysioterapi, tannpleie, bioingeniør og radiografi.
- e. inntil seks studieplassar er reservert på profesjonsstudiet i medisin
- f. inntil to studieplassar er reservert på paramedisinstudiet
- g. inntil to studieplassar er reservert på profesjonsstudiet i psykologi
- h. inntil to studieplassar er reservert på odontologistudiet
- i. tre studieplassar er reservert på masterstudiet i rettsvitenskap
- j. inntil to studieplassar er reservert på ernæringstudiet
- k. 5 prosent av studieplassane er reservert på masterstudiet i teknologiske fag
- l. inntil to studieplassar er reservert på vernepleiestudiet

Kvotefor søkarar med regional tilknytning:

Følgande studium ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet har kvote for søkarar med regional tilknytning (nordnorsk):

- a. 80 prosent av studieplassane er reservert på helsefaglege profesjonsstudium i sjukepleie, fysioterapi, tannpleie, bioingeniørutdanning og radiografi.
- b. 50 prosent av studieplassane er reservert på ergoterapistudiet
- c. 60 prosent av studieplassane er reservert på ernæringstudiet
- d. 50 prosent av studieplassane er reservert på farmasistudiet
- e. 60 prosent av studieplassane er reservert på profesjonsstudiet i medisin. Åtte av desse plassane er reservert søkarar frå Nord-Troms og Finnmark.
- f. 60 prosent av studieplassane er reservert på odontologistudiet
- g. 50 prosent av studieplassane er reservert på paramedisinstudiet
- h. 60 prosent av studieplassane er reservert på profesjonsstudiet i psykologi
- i. 67 prosent av studieplassane er reservert på masterstudiet i rettsvitenskap
- j. 50 prosent av studieplassane er reservert på masterstudiet i teknologiske fag
- k. 60 prosent av studieplassane er reservert på vernepleiestudiet

Andre spesielle kvotar:

Følgande studium har spesielle kvotar:

1. Inntil 10 prosent av studieplassane ved journaliststudium kan setjast av til søkarar som dokumenterer minst ½ års relevant arbeidserfaring i fulltidsstilling
2. Inntil 20 prosent av studieplassane ved ingeniørutdanningar (bachelor) kan setjast av til søkarar med godkjent eittårig forkurs med full fagkrets. Søkarane blir poengberekna på grunnlag av karakterpoengsum frå forkurset, jf. § 7-4. Det blir ikkje gitt tilleggspoeng. Søkarar som ikkje blir tekne opp i kvoten, konkurrerer vidare om andre studieplassar med grunnlag i forkurset og eventuell tilleggspokumentasjon som gir grunnlag for tilleggspoeng.
3. Ved Noregs idrettshøgskole er det reservert 10 studieplassar for søkarar innstilte av Norges Idrettsforbund i desse utdanningane:
 - a. bachelorstudium i sports management
 - b. bachelorstudium i trening, helse og presentasjon
 - c. bachelorstudium i treningsrolla og idrettspsykologi

4. Ved OsloMet – storbyuniversitetet er inntil 5 studieplassar reservert til søkarar med minoritetsbakgrunn
5. Ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet er inntil 20 prosent av studieplassane på sosionomutdanninga reservert til søkarar med interkulturell/internasjonale erfaring
6. Ved Universitetet i Stavanger er inntil 50 prosent av studieplassane på hotelleringstudiet reservert til søkarar som dokumenterer minst eitt års relevant praksis.
7. Ved Universitetet i Sørøst-Noreg kan det på fleksible, desentraliserte bachelorstudium i sjukepleie reserverast inntil 80 prosent av studieplassane til søkarar med bustadsadresse i kjernekommunar og 20 prosent av studieplassane til søkarar med bustadsadresse i regionkommunar. 50 prosent av studieplassane innanfor kvar kvote skal setjast av til søkarar med førstegongsvitnemål.